

## Referat 12.03.18

Sted: Gamlatunet

Til stede: Anna, Marijann, Solveig, Stein Andor, Kjetil Andre, Frode

Referent: Frode

Saksliste:

1. Attraktivitetsprosjekt
2. profilering av bygda
3. kassar i tun ? og små bokkassar?
4. Vossasvingen
5. [vikebygd.no](http://vikebygd.no)
6. SØK
7. søkarar på prosjekt
8. ymse

### Attraktivitetsprosjekt

22 Mars blir det ei inspirasjonssamling i regi av kommunen. Her blir det foredrag med meir. Her er det kanskje fleire i bygda som kan bli med.

### Profilering av bygda

"Filmgruppa" som består av Laila Espeland, Martin Larsen, Roald Årvik og Even Larsen vil kjøre prosjektet "Reklamefilm om Vikebygd". Dei søker om pengestøtte frå SØK midlene på lik linje med som alle andre. Denne gruppa får tilgang til bildemateriell som me har samla inn. Stein Andor blir gruppas kontaktperson i VGU.

### Kassar i tun ? og små bokkassar?

Det er komt inn eit forslag om å ha kassar i tun hos privatpersonar som kunne tenke seg å ha ein slik kasse ståande hos seg. Ein kan stikke innom og helse på samtidig som ein noterer seg inn i "Tunboka". Ein vil og prøve å få til bokkassar. Gnisten i Sandeid kan lage kassar som passer formålet. Me vil skaffe 10 tunboksar og 2 bokkassar.

### Vossasvingen

Her er arbeidet godt i gang. Sykkel og gangstien vil komme på nersiden og hovudveg på oppsiden.



## Vikebygd.no

Me sender ut mail til firmaene som me har link til inne på Vikebygd.no om at desse kan ha ein link til Vikebygd.no på sine sider.

Siden kjem til å bli oppdatert. Me gir tilbakemelding dersom ein ser nokon feil eller noko som burde blitt endra på.

## SØK

Sende link til SØK med link til nettsida vår.

Få Steinar til å bumpe reklameringa om SØK midlene på nettsiden hans.

## Søkerar på prosjekt

Dei søkerane som har fått innvilget søknaden sin om SØK midlar betaler me ut beløpet til fortløpende.

Me sender også ut eit vedtaksnotat til søkerane.

## Ymse

*Plassavegen* kjem til å få 3 fartsdempere. Desse kjem på plass i første halvdel av 2018.

### *Tanken.*

Me prøver å få til bensinpumper i Vikebygd.

Dette kan kanskje var eit punkt å ta vidare på Attraktivitetsprosjektet.

### *Sykler til kaien.*

Skaffe sykklar som kan disponeres av besøkende som kjem sjøvegen.

Desse blir lakkerte i passende fargar kanskje med reklame for Vikebygd.no m.m.

Anna sjekker opp dato for Politiets hittegodsauksjon.

Lagringsplass for syklane utenom sesong. Bårehuset, eller naust kan være alternativer?

### *Lykter til grillhytta på bryggjebakken.*

Sjekke rundt og sjå om ein kan finne tak i lykter som kan monteres i grillhytta.

## Skoleskyss

Sende ny mail då tilbakemeldinga frå Kolombus ikkje svara på dei spørsmåla som vart stilt.